
Fra: jordleie <jordleie@landbruksdirektoratet.no>
Sendt: onsdag 25. april 2018 15:56
Emne: Påminning - jordleigeundersøkinga
Vedlegg: Jordleiepriser 2018 Bokmål.pdf; Jordleigeprisar 2018 Nynorsk.pdf

Til landbrukskontoret

Landbruksdirektoratet viser til tidlegare utsende e-postar vedkomande jordleigeprisar for 2018. Me kan ikkje sjå at me har motteke svar frå dykk.

Landbruksdirektoratet hentar inn data for å få et godt grunnlag for å vurdere prisnivået for jordleige i landet. Prisnivået for jordleige og endringar i dette, medverkar til å gje eit bilet av utviklinga i landbruket i de ulike delane av landet. Statistikken, som vert presentert regionvis, vert gjort tilgjengeleg på våre nettsider.

Diverre har me så langt motteke få svar frå to fylke. Hordaland er det eine av desse to. **Det er viktig at dei same kommunane svarar kvart år, slik at statistikken ikkje vert endra tilfeldig som følgje av kva kommunar som svarar.** For at kvaliteten på det som vert utarbeidd skal verte så god som mogleg, er det derfor viktig at flest mogleg svarar med det de har av informasjon seinast innan **måndag 30.04.18**. Den dagen vert det sett sluttstrek, og data vert sett saman.

Vedlagt følgjer på nytt informasjon og tilgang til skjema til årets jordleigeundersøking (sjå vedlegg). Brev og skjema finst i begge målformer.

Ved å trykke på lenka i brevet får de tilgang til det elektroniske skjemaet. Når skjemaet er fylt ut, trykk på «send skjema». Då kjem skjemaet opp som vedlegg i ein e-post med ferdig utfylt adresse. Adressa skal vere denne: jordleie@landbruksdirektoratet.no. (Skjemaet kan eventuelt lagarast etter utfylling og leggjast det ved ein e-post til denne adressa.) Om det skulle vere problem med lenka i brevet, kan de også finne skjema her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/jordleiepriser/skjema>

Me håpar de har moglegheit til å svare, og minner om at me uansett ønsker tilbakemelding.

Dersom de nyleg har sendt oss svar, kan de sjå bort frå denne førespurnaden.

Med vennleg helsing / Dearvuodaiguin

Kjersti Sorteberglien
Seniørrådgjevar



Landbruksdirektoratet / Eanandoalldirektoráhtta / Norwegian Agriculture Agency

Avdeling handel og industri

Seksjon marknads- og prisutvikling

Telefon: +47 78 60 61 74

www.landbruksdirektoratet.no

kjersti.sorteberglien@landbruksdirektoratet.no